

Samarbeid

For at vi skal nå ein nullvisjon vedrørende mobbing på Knappskog skule, er vi heilt avhengige av eit tett og nært samarbeid med foreldra. Vi må saman arbeide for å skapa eit trygt og godt klasse-/skulemiljø for elevane. Vi må utvikle eit felles syn når det gjeld toleranse og grensesetting.

Det er i tråd med skulen sin visjon og vida-reutvikle det gode samarbeidet vi har, så di-for må terskelen for å kontakte skulen når det gjeld mobbesaker så vel som andre saker vere låg.

Har du mistanke om mobbing så ikkje nøl med å ta kontakt med skulen. I første om-gang med kontaktlærar.



Dei fire mobbereglane

- Vi skal ikkje mobbe andre.
- Vi skal forsøke å hjelpe elevar som vert mobba.
- Vi skal og vere saman med elevar som lett vert åleine.
- Viss eg veit at nokon vert mobba skal eg fortelje det til kontaktlæraren (eller nokon heime)

Nettstader:

www.skolenettet.no

www.foreldrenettet.no

www.utdanningsdirektoratet.no


www.uib.no/psyfa/hemil/mobbing/



Knappskog skule

Læringsmiljø

Ein informasjonsfolder
til elevar og føresette ved
Knappskog skule



Fjell Kommune Knappskog skule

Adresse: Fjæreidevegen, 5353 STRAUME


Telefon (nyeskulen): 55 09 75 50

Telefon (gamleskulen): 56 33 15 96


Telefon: (SFO): 56 33 11 96

Telefaks: 55 09 75 51

E-post: adm.knappskog@fjell.kommune.no



www.fjell.no/skule/knappskog



Nulltoleranse mot mobbing

På landsbasis vert omlag kvar sjette elev fram til fylte 12 år utsett for mobbing. I gruppa 13-17 år vert om lag kvar tiande elev mobba, viser studiar frå Noreg på slutten av 1990 talet. Om lag 13000 av elevane som deltok i elevundersøkinga i 2006 svarte at dei vart utsett for mobbing kvar veke.

Manifest mot mobbing 2006-2008.

Regjeringa Stoltenberg, foreldreutvalet for grunnskulen (FUG), KS og utdanningsforbundet forplikta seg i august 2006 til å videreføra arbeidet for eit godt fysisk og psykososialt miljø for barn og unge i skulen. Det første manifestet mot mobbing vart undertekna i september 2002 (regjeringa Bondevik).

Opplæringslova § 9a-1.

"Alle elever i grunnskoler og videregående skoler har rett til et godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring."



Olweus sitt kjerneprogram mot mobbing og antisosial atferd

Dan Olweus er professor i psykologi ved universitetet i Bergen. Han har i meir enn 20 år forska på mobbing i skulen. Han vert sett på som grunnleggjaren innafor dette forskingsområde.



Ein viktig del av Olweusprogrammet tek sikte på å styrke kompetansen i personalet når det gjeld mobbing. Kompetanseutvikling skal styrke skulen si evne til å meistre utfordringar som er knytt til å sikre alle elevar eit godt fysisk og psykososialt arbeids- og læringsmiljø. Utdanningsdirektoratet stimulerar Olweusprogrammet som eit tiltak i kompetanseutvikling for å fremje helse, trivsel og læring.

Professor Dan Olweus har prøvd ut og evaluert sitt arbeid vitskapeleg ved 42 skular i Bergensområde og resultatata visar:

- Ein reduksjon av mobbeproblema med 50% eller meir.
- Ein nedgang i antisosial atferd som hærverk, skulk og tjuveri.
- Ein merkbar betring i klassen sitt "sosiale klima" og elevane sin trivsel på skulen.

Olweus på Knappskog skule

Kompetanseutvikling i personalet.

Personalet jobbar systematisk i samtalegrupper med tema som er relevante når det gjeld mobbing. Dei ulike områda vert debattert grundig og det vert på basis av samtalanene sett i verk tiltak.

Konkrete tema for diskusjon har mellom anna vore:

- Klasseleing
- Inspeksjonssystemet
- Samarbeid mellom skule og heim
- Klassemøte
- Rollespel
- Klassereglar etc.

Olweus i undervisninga.

Når det gjeld mobbing er det særleg viktig å driva haldningsskapande arbeid i klassane. Vi jobbar med å gjere elevane medvitne i høve til kva for rolle ein har viss ein mobbesituasjon oppstår. Gjennom rollespel, observasjon og diskusjon ynskjer vi å auke elevane si innleving og emosjonell forståing av ulike sider ved mobbeproblematikken.

Konkrete tiltak mot elevane har mellom anna vore:

- Rollespel
- Video frå konkrete mobbesituasjonar og samtale
- Mobberingen og diskusjon
- Utarbeiding av klassereglar mot mobbing
- Klassemøte etc.

